



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Greta I. Hanset, 71 25 85 47

Forslag på kandidatar til Fylkesmannens Omsorgspris 2020

Fylkesmannen sin Omsorgspris er delt ut kvart år frå 2007. Prisen er no knytt til *Omsorg 2020* og kvalitetsreforma for eldre « Leve hele livet». Den skal tildelast årleg i perioden til og med 2023.

Omsorgsprisen går til ein kommune eller ei kommunal tenesteeining for eit spesielt arbeid eller tiltak som legg til rette for meir berekraftige tenester i framtida. Det kan vere gjennom tiltak retta mot aldersvenleg lokalsamfunn, førebygging og betre kvalitet i tenestene.

Tidlegare vinnarar av prisen er kommunane Ulstein, Sula, Ålesund, Molde, Sande, Herøy, Nesset, Kristiansund, Fræna/Eide, Ålesund, Surnadal, kommunane i Møre og Romsdal v/Sula og Smøla i 2019.

Kriteria som er lagt til grunn i vurdering av prisvinnar er om arbeidet eller tiltaket kan til dømes ha ført til:

- *meir førebygging i tenestene, inkludert rus, psykisk helse og somatisk sjukdom*
- *rehabilitering og eigenmeistring som ein naturleg og integrert del av tenestene*
- *meir aldersvenleg samfunn*
- *meningsfull aktivitet i samarbeid med frivillige*
- *trygg oppfølging av personar med demens*
- *at pasientar og brukarar er aktivt med i prosessar som gjeld eigen behandling og omsorg*
- *god oppfølging av alvorleg sjuke og døyande og deira pårørande*
- *inspirerande og rekrutteringsattraktive fagmiljø*
- *forsknings- og utviklingsarbeid i samarbeid mellom kommune og spesialisthelseteneste*
- *meir berekraftige tenester*

Vinnar av Omsorgsprisen 2020 vil få prisen overrekt/ gjort kjent på årets omsorgskonferanse, som vert arrangert digitalt 15. og 16. september. Omsorgsprisen 2020 består av eit kunstverk av Gunn Nordheim Morstøl og ein gåvesjekk på femten tusen kroner.

Alle kan sende inn forslag til Omsorgsprisen 2020 om du er tilsett, pasient, pårørande, eller på anna vis har kjennskap til gode tiltak i kommunen. Det er viktig at dei gode døma frå kommunane i Møre og Romsdal blir lyfta frem.



Forslag med grunngjeving må sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Helse- og sosialavdelinga, Postboks 2520, 6404 Molde, eller på e-post til postmottak@fmmr.no
Frist for innsending er 26. august 2020.

Med helsing

Kjersti Bakken (e.f.)
fung. direktør

Greta Irene Hanset

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Med helsing

Kjersti Bakken (e.f.)
fung.direktør

Greta I. Hanset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakere:

Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY